



Arkivnr: 2015/3055-25

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik, Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		01.10.2015

Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2015

Samandrag

Frå 2014 har fylkeskommunane fått i oppdrag frå Kulturdepartementet å overta handsaming av søknader og fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken. Dette inneber mellom anna at kommunane skal søkje tilskot direkte frå fylkeskommunen og ikkje frå departementet.

Den kulturelle spaserstokken er ei tilskotsordning for kommunesektoren øymerka kultur for eldre. Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, vert utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Tilskot skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.

Fylkesrådmannen ser behovet for eit sterkare fagleg fokus på ordninga og nettverksbygging. Hordaland fylkeskommune har difor teke initiativ til å setje i gang eit slikt arbeid i samarbeid med kommunane.

For 2015 vert Hordaland fylkeskommune tildelt 3 085 000 kroner frå Den kulturelle spaserstokken 2015.

Det er komen inn søknadar frå 29 kommunar i Hordaland til ordninga. Samla er det søkt som 4 170 000 kroner.

Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet løyver 3 085 000 kroner frå konto 10.400.712.00 Den kulturelle spaserstokken 2015 fordelt slik:

Kommune	Sum
Bergen	1215000
Askøy	95000
Voss	125000
Kvinnherad	140000
Stord	120000
Fjell	90000
Os	110000
Lindås	90000
Kvam	130000

Bømlo	75000
Odda	115000
Osterøy	70000
Vaksdal	64000
Radøy	42000
Meland	40000
Sund	40000
Ullensvang	70000
Etna	58000
Fusa	48000
Sveio	35000
Øygarden	36000
Tysnes	37000
Austrheim	40000
Fitjar	30000
Samnanger	35000
Masfjorden	40000
Ulvik	40000
Jondal	26000
Granvin	29000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.09.2015

Det er komen inn søknadar frå 29 kommunar til vurdering i denne ordninga. Søknadssummane varierer frå 27 500 kroner til 1 248 500 kroner. Samla søknadssum er 4 170 000 kroner. Summen å fordela er 3 085 000 kroner for dette året.

Fylkesrådmannen ser behovet for eit sterkare fagleg fokus på ordninga og nettverksbygging. Hordaland fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga inviterte difor kommunane til dialogmøte for Den Kulturelle Spaserstokken 3.juni 2015. Hovudhensikta med møtet var erfaringsutveksling mellom kommunekontaktar og innspel til sakshandsaming og vidare arbeid med Den Kulturelle Spaserstokken.

Det er mange ulike modellar for arbeid med Den kulturelle spaserstokken i kommunane i Hordaland. Dette avhenger sjølvsagt og av storleiken på den einkilde kommune og såleis storleiken på løyvinga.

Det er planlagt å etablere ein arbeidsgruppe med representantar frå fleire kommunar som m.a. vil vere med og jobbe med å utvikle rapporteringsskjema og sjå på korleis ein vil vidareutvikle nettverket kommunane imellom.

Kultur- og ressursutvalet vart orientert og vedtok i sak 13/2015, retningslinene for ordninga slik:

6. DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN

Frå 2014 har fylkeskommunane fått i oppdrag frå Kulturdepartementet å overta handsaming av søknader og fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken. Dette inneber mellom anna at kommunane skal søkje tilskot direkte frå fylkeskommunen og ikkje frå departementet.

Den kulturelle spaserstokken er ei tilskotsordning for kommunesektoren øymerka kultur for eldre. Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, vert utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

Tilskot skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå. Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

Forvaltning av midlane

For fylkeskommunar og kommunar som får over 100.000 kroner av spillemidlane, er det eit krav at renteinntektene av dei tildelte midlane kjem føremålet til gode. Det kan anten gjerast ved at midlane plasserast på eigen renteberande konto, eller ved at renteinntekta reknast ut og vert gjeve som eit tilskot til føremålet. For kommunar som får under 100.000 kr av spillemidlane, er det ønskeleg, men ikkje eit krav om at renteinntektene kjem føremålet til gode.

Vurdering av søknader:

Fylkesrådmannen tilrår at 80 % av midlane vert basert på ei kvantitativ vurdering og at 20 % vert basert på ei kvalitativ vurdering.

Kvantitativ vurdering:

1. Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen

Desse personane er sjølv målgruppa i ordninga og fylkesrådmannen vel difor å vektleggje dette kriteriet med ein fordelingsnøkkel på 60 %.

2. Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning

Kor stor del dei eldre utgjer i forhold til lokalt innbyggjartal er andre kriterium i den kvantitative vurderinga. I

ni kommunar utgjorde innbyggjarar over 70 år meir enn 15 % av det lokale innbyggjartalet i 2014. Ein ser at kommunar der denne aldersgruppa utgjør ein større del av lokalbefolkninga samanlikna med andre kommunar, kan oppleve større økonomiske kostnader for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Fylkesrådmannen vel å vektleggje dette kriteriet med ein fordelingsnøkkel på 10 %.

3. Areal

Hordaland strekker seg over 15 437 km² på fastland og øyer (tall er henta frå Statens kartverk). 10 kommunar strekker seg over 500 km², og 5 av desse har eit areal på meir enn 1000km². Ein ser at i dei største kommunane kan det føreligge større reisekostnader for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Ein ser likevel at dette kriteriet ikkje kan ha ei stor vektlegging då det er mange områder i Hordaland som ikkje er bebudd. Fylkesrådmannen vel å vektleggje kommunane sitt areal med ein fordelingsnøkkel på 10 %.

Kvalitativ vurdering:

Fylkesrådmannen ser det som formålstenleg å fordele 20 % av midlane etter ei skjønsmessig vurdering. Kriterier som vert lagt til grunn for denne vurderinga er følgjande:

- Programinnhald
- Nyskaping
- Utvikling av program
- Samarbeid

Oversyn over søknadssum for 2015 og tildeling 2014:

Kommune	Tildeling 2014	Søkt sum 2015
Bergen	930 000	1248500
Askøy	90 000	170000
Voss	120 000	130000
Kvinnherad	100 000	200000
Stord	74 000	247000
Fjell	75 000	200000
Os	80 000	160000
Lindås	85 000	140000
Kvam	104 000	200000
Bømlo	70 000	90000
Odda	50 000	120000
Osterøy	50 000	120000
Vaksdal	54 000	109000
Radøy	35 000	60000
Meland	30 000	45000
Sund	32 000	60000
Ullensvang	60 000	100000
Etnes	46 000	75000
Fusa	41 000	70000
Sveio		55000
Øygarden	35 000	150000
Tysnes	30 000	50000
Austrheim	30 000	80000
Fitjar	25 000	40000
Samnanger	29 000	60000
Masfjorden	30 000	73000
Ulvik	38 000	40000
Jondal		27500
Granvin	28 500	50000
SUM	2 450 000	4170000

Vurdering av søknadane

A. Kvantitativ vurdering

80 % av midlane vert basert på ei kvantitativ vurdering, som er basert på 3 kriteria: 1) Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen, 2) Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning og 3) Areal.

1. Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen

I Hordaland bur det 53 013 personar over 70 år (basert på tall henta frå www.statistikk.igest.no). Desse personane er sjølve målgruppa i ordninga og fylkesrådmannen vel difor å vektleggje dette kriteriet med ein fordelingsnøkkel på 60 %.

Oversyn over alle kommunane (i minkande prosentandel):

Kommune	Busette over 70 år i kommunen	Prosentandel av eldre (70+) i Hordaland busatt i kommunen
Bergen	27613	52,09 %
Askøy	2241	4,23 %
Voss	2055	3,88 %
Kvinnherad	1822	3,44 %
Stord	1806	3,41 %
Fjell	1729	3,26 %
Os	1627	3,07 %
Lindås	1576	2,97 %
Kvam	1252	2,36 %
Bømlo	1209	2,28 %
Odda	1113	2,10 %
Osterøy	897	1,69 %
Vaksdal	672	1,27 %
Radøy	594	1,12 %
Meland	594	1,12 %
Sund	580	1,09 %
Ullensvang	552	1,04 %
Etne	543	1,02 %
Fusa	539	1,02 %
Austevoll	522	0,99 %
Sveio	503	0,95 %
Øygarden	468	0,88 %
Tysnes	453	0,86 %
Austrheim	350	0,66 %
Fitjar	311	0,59 %
Samnanger	308	0,58 %
Masfjorden	289	0,55 %
Ulvik	188	0,36 %
Jondal	176	0,33 %
Granvin	146	0,28 %
Eidfjord	141	0,27 %
Fedje	101	0,19 %
Modalen	43	0,08 %

2. Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning

Kor stor del dei eldre utgjer i forhold til lokalt innbyggjartal er andre kriterium i den kvantitative vurderinga. I ni kommunar utgjer innbyggjarar over 70 år meir enn 15 % av det lokale innbyggjartalet. Ein ser at i kommunar der denne aldersgruppa utgjer ein større del av lokalbefolkninga samanlikna med andre kommunar, kan oppleve større økonomiske kostnader for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Fylkesrådmannen vel å vektleggje dette kriteriet med ei fordelingsnøkkel på 10 %.

Oversyn over alle kommunane (i minkande prosentandel):

Kommune	Lokalt innbyggjartal	Prosentandel av innbyggjarar over 70 år
Fedje	563	17,94 %
Ulvik	1107	16,98 %
Masfjorden	1704	16,96 %
Vaksdal	4096	16,41 %
Tysnes	2782	16,28 %
Ullensvang	3411	16,18 %
Odda	6952	16,01 %
Jondal	1100	16,00 %
Granvin	921	15,85 %
Eidfjord	950	14,84 %
Kvam	8539	14,66 %
Voss	14347	14,32 %
Fusa	3838	14,04 %
Kvinnherad	13234	13,77 %
Etne	4103	13,23 %
Samnanger	2443	12,61 %
Austrheim	2856	12,26 %
Radøy	5014	11,85 %
Osterøy	7842	11,44 %
Modalen	378	11,38 %
Austevoll	5012	10,42 %
Bømlo	11761	10,28 %
Lindås	15402	10,23 %
Fitjar	3093	10,06 %
Bergen	275112	10,04 %
Øygarden	4733	9,89 %
Stord	18685	9,67 %
Sveio	5509	9,13 %
Sund	6752	8,59 %
Os	19097	8,52 %
Askøy	27858	8,04 %
Meland	7736	7,68 %
Fjell	24427	7,08 %

3. Areal

Hordaland strekker seg over 15 437 km² på fastland og øyer (tall er henta frå www.statistikk.igest.no). 10 kommunar strekker seg over 500 km², og 5 av desse har eit areal på meir enn 1000km². Ein ser at i dei største kommunane kan det føreligge større reisekostnadar for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Ein ser likevel at dette kriteriet ikkje kan ha ei stor vektlegging då det er mange områder i Hordaland som ikkje er bebudd. Fylkesrådmannen vel å vektleggje kommunanes areal med ei fordelingsnøkkel på dei resterande 10 %.

Oversyn over alle kommunane (i minkande prosentandel)

Kommune	Areal i km	Prosentandel i forhold til Hordaland
Voss	1806	11,70 %
Odda	1616	10,47 %
Eidfjord	1491	9,66 %
Ullensvang	1399	9,06 %
Kvinnherad	1091	7,07 %
Etne	735	4,76 %
Ulvik	721	4,67 %
Vaksdal	715	4,63 %
Kvam	616	3,99 %
Masfjorden	556	3,60 %
Lindås	475	3,08 %
Bergen	465	3,01 %
Modalen	412	2,67 %
Fusa	378	2,45 %
Samnanger	269	1,74 %
Tysnes	255	1,65 %
Osterøy	255	1,65 %
Bømlo	247	1,60 %
Jondal	247	1,60 %
Sveio	246	1,59 %
Granvin	212	1,37 %
Fjell	148	0,96 %
Stord	144	0,93 %
Fitjar	142	0,92 %
Os	140	0,91 %
Austevoll	117	0,76 %
Radøy	111	0,72 %
Askøy	101	0,65 %
Sund	100	0,65 %
Meland	93	0,60 %
Øygarden	67	0,43 %
Austrheim	58	0,38 %
Fedje	9	0,06 %

B. Kvalitativ vurdering

20 % av midlane utgjer ei sum på 616 997 kroner og denne vert fordelt ei skjønsmessig vurdering med grunnlag i kriteria programinnhald, nyskaping, utvikling av program, samarbeid, jf. retningslinene.

Kommunane Sveio og Jondal søkte ikkje til denne ordninga i fjor, men har søkt i år. Kommunane Austevoll, Eidfjord, Fedje og Modalen har ikkje søkt denne ordninga for 2015. I utrekninga av den kvantitative vurderinga er desse fire kommunane tatt med, og samla sum for desse fire kommunane er så tatt bort. Det gjer at det i den kvalitative vurderinga vert lagt til ein restsum på 109 541 kroner. Samla sett utgjer midlane til skjønsmessig vurdering 726 538 kroner.

Søknader og rapportar viser at alle søkjarane jobbar aktivt med Den kulturelle spaserstokken. Det er mange ulike organiseringar i kommunane, der kommunal forankring er vanleg og ein ser i fleire søknader at eldrerådet er inne i samarbeid om ordninga. Det er ofte eit breitt eigarforhold i kommunen til Den kulturelle spaserstokken. Fylkesrådmannen ser det og som føremålstenleg at kommunane også samarbeider på tvers av kommunegrenser. Ein kan m.a. initiere og turnere felles kunstnarlege program. Det bør også verte vurdert kva rolle eventuelt fylkeskommunen kan spele i denne samanheng.

Mange kommunar har eit program for Den kulturelle spaserstokken som er ei blanding av amatørinnslag og profesjonelle utøvarar. Dette kan gi eit breitt og godt tilbod. Dei statlege midlane (fylkeskommunal tildeling) skal gå til profesjonelle arrangement, og kommunane må sjølv finansiere amatørinnslag. Jf. Kulturlova har kommunane ansvar for å tilby kulturopplevingar til sine innbyggjarar, uansett alder og funksjonsnivå.

Det administrative arbeidet med ordninga må kommunane sjølv stå for og finansiere. Det er ulikt kva den einskilde kommune sjølv bidreg med. Dei fleste stiller med noko administrativt arbeid og omlag halvparten har i tillegg sett av midlar til ordninga utover dette. Fylkesrådmannen har vurdert eigeninnsats og – finansiering som positivt, og viktig, og såleis tilrådd skjønsmessig påslag m.a. grunna dette.

Fylkesrådmannen ser det breie eigarforholdet som positivt og riktig. Då dette er midlar som skal gå til profesjonell kunst ser ein det også som viktig at den kulturfaglege kompetansen er representert i arbeidet.

Fylkesrådmannen ser at mange prioriterer program for eldre på institusjon. Dette er forståeleg utifrå ein tanke om at desse vanskeleg kan tileigne seg kulturtilbod på anna måte. Dette kan gjere at programma såleis vert noko tradisjonelle. Fylkesrådmannen ser positivt på desse tradisjonelle tiltaka og ser at dei kan gagne brukarane, men ein meiner det også ligg potensiale for meir utfordrande og varierte kunstopplevingar, også for eldre på institusjon. Fylkesrådmannen vil difor oppmuntre til utvikling av ordninga gjennom meir nyskapande aktivitetar, og har difor tilrådd eit lite påslag til dei som jobbar for å utvikle nye former for tiltak.

I denne oversikta har fylkesrådmannen gitt kommentarar til innstilling på tilrådd kvalitativ fordeling. Det er viktig å ikkje ta kvar kommentar som ei fyldestgjerdande grunngjeving for tilråding, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, søknadssum, samt tildelinga i 2014.

Alle søkjarane er i denne omgang tilrådd ei auke samanlikna med tildelte midlar frå Den kulturelle spaserstokken 2014. Samla tilråding er i heile tall, difor er summene i den kvalitative fordelinga annleis enn korleis ein elles ville ha presentert desse. I søknadane er det budsjetterert eit tal planlagde arrangement, som er referert til under, som truleg må justerast i forhold til løyvd sum i nokre av kommunane.

Midlar som ikkje vert nytta i løpet av 31. desember 2016 skal betalast tilbake til fylkeskommunen, satt på fond og vil takast med i seinare tildeling.

Oversyn over alle kommunane (rekkefølge etter tal på eldre busett i kommunen):

Kommune	Kvalitativ fordeling	Grunngjeving
Bergen	232930	Fagleg breidde i programinnhaldet. Planlegg inntil 300 arrangement. Kommunen er ambisiøs i forhold til utvikling av Den kulturelle spaserstokken og har i fleire år finansiert ei eiga stilling til dette arbeidet.
Askøy	7810	Gode samarbeid. Planlegg 40 tiltak på fleire ulike arenaer. Kommunen har hatt eit godt tilbod gjennom denne ordninga i fleire år men er no noko nedbemanna knytt til kulturfagleg ressurs til dette arbeidet.
Voss	4822	Eldrerådet og helse- og omsorgseininga i kommunen organiserer arbeidet. Kultureininga er ikkje inne i dette arbeidet. Planlegg inntil 40 arrangement.
Kvinnherad	42717	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Gode samarbeid. Planlegg 40 arrangement med fagleg breidde i programinnhaldet. Viser til nyskaping i utvikling av programmet. Har ei eiga kommunal løyving som har tilsvart løyvinga frå Kulturdepartementet. Har eit ambisiøst program med fem lokale produksjonar sett i verk til føremålet.
Stord	45730	Samarbeider med Fitjar kommune. Fagleg breidde og høg kvalitet i programinnhaldet. Kulturfagleg forankring med breitt samarbeid og eit eige styre knytt til ordninga.
Fjell	20582	Kulturskulen koordinerer arbeidet med ordninga. Godt samarbeid med andre kommunar. Planlegg mange arrangement og vil prioritere nyskaping innan musikk og scenekunst.
Os	43054	Kommunen har satsa mykje på kultur på eldre og har gjennom nokre år hatt ei kulturfagleg koordinator til dette arbeidet, som samarbeider breitt. I tillegg løyver kommunen 100 000 kroner i eigenandel. Har samarbeida godt med andre kommunar gjennom fleire år. Fagleg breidde i programinnhaldet. Omlag 45 arrangement.
Lindås	16661	Sjukeheimstenesta i kommunen har ansvar for koordinering av arbeidet. Noko fagleg breidde i programinnhaldet. Planlegg 60 arrangement.
Kvam	61337	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Godt samarbeid med andre kommunar og organisasjonar. Det vert lagt stor vekt på nyskaping og utvikling av tilboda, gjerne i samarbeid med festivalar og kunstinstitusjonar/-organisasjonar. Dette fører til eit sterkt program med høg kvalitet og breidde.
Bømlo	18985	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Gode samarbeid med andre offentlege instansar. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 100 000 kroner til føremålet.
Odda	30060	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Har gode samarbeid med både offentlig og frivillig sektor, samt profesjonelle kulturorganisasjonar. Stor fagleg breidde i programinnhald. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 60 000 kroner til føremålet.
Osterøy	23730	Kulturfagleg forankring både i kommunen ved biblioteket og i det frivillige ved å leggje organisering av arbeidet med ordninga til Folkeakademiet i kommunen. Planlegg omlag 30 arrangement, mange innanfor musikk og dans.
Vaksdal	12104	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeid med eldreråd. Noko fagleg breidde i programinnhaldet, mellom anna visuell kunst. Planlegg 42 arrangement.
Radøy	8843	Frivilligsentralen i kommunen koordinerer arbeidet. Gode samarbeid lokalt. Planlegg ei større fagleg breidde i programinnhaldet. Planlegg 11 arrangement.
Meland	10796	Ei arbeidsgruppe som består av representantar frå Fellesrådet (tidl. Eldrerådet), Helselaget og Frivilligsentralen organiserer arbeidet med ordninga. Dei jobbar med å nå ei breiare gruppe og utvikle ordninga, og har m.a. starta samarbeid med DKS lokalt. Planlegg 11 arrangement med noko fagleg breidde i programinnhaldet.

Sund	10350	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeid med helse- og omsorgseininga i kommunen og eldrerådet. Planlegg 60 arrangement der 38 av desse er faste musikktiltak på Sundheimen kvar veke. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 30 000 kroner til føremålet.
Ullensvang	8828	Det vil no bli ei sterkare kommunal kulturfagleg forankring i arbeidet med ordninga. Samarbeider med Odda, eldrerådet, frivilligsentral og omsorgstenesta. Har utvida samarbeid med lokale kulturinstitusjonar/-festivalar. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 35 000 kroner til føremålet. Planlegg 20 arrangement med noko fagleg breidde i programinnhaldet.
Etne	12956	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Gode samarbeid lokalt. Planlegg inntil 30 arrangement med fagleg breidde i programinnhaldet. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 100 000 kroner til føremålet.
Fusa	9520	Dagsenter ved institusjon koordinerer tilbodet i samarbeid med kulturkontoret. Samarbeider med andre kommunar og frivilligsentral. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 30 000 kroner til føremålet. Planlegg 34 arrangement, der 10 av desse er i regi av Senioruniversitetet og 20 faste musikktilbod for demente.
Sveio	4649	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Gode samarbeid, m.a. med Fartein Valen-Festivalen og Senioruniversitetet. Planlegg 9 arrangement.
Øygarden	9797	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeid med frivilligsentral, bibliotek og omsorgssenteret. Planlegg 20 tiltak med noko fagleg breidde i programinnhaldet, m.a. skriveprosjekt i samarbeid med Kystmuseet. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av ei uspesifisert sum til føremålet.
Tysnes	2048	Pleie -og omsorgsleiar organiserer arbeidet saman med personell og aktivitetseiar ved institusjonen. Planlegg 10 arrangement, i hovudsak musikalsk sjanger i programinnhaldet.
Austrheim	16065	Breitt kommunalt tverrfagleg samarbeid om organisering av ordninga. Samarbeid med lag og organisasjonar. Jobbar med ei brei målgruppe blant dei eldre. Planlegg 12 arrangement med fagleg breidde i programinnhaldet.
Fitjar	7633	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Planlegg 4 eigne arrangement og 3 arrangement i samarbeid med Stord kommune. Kvalitativ påslag grunna samarbeidsprosjekt med Stord.
Samnanger	8006	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Godt samarbeid med kommunar, kulturskolen, Eldrerådet, lag og organisasjonar. Planlegg 44 arrangement, der 38 er faste musikkpedagogiske aktivitetar på Samnangerheimen.
Masfjorden	4187	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeid med fleire organ i kommunen. Planlegg 10 arrangement og jobbar for å nå ei brei målgruppe.
Ulvik	4386	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeid med eldreråd og pensjonistlag. Fagleg breidde i programinnhaldet. Planlegg 6 arrangement, m.a. i samarbeid med Hauge-senteret.
Jondal	1133	Koordinering av ordninga ligg til sentraladministrasjonen, felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne fungerer som programnemnd.
Granvin	6016	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeid med bibliotek og organisasjonar lokalt. Planlegg 11 arrangement, og ønskjer å støtte opp om lag og organisasjonar som arrangerer kulturkveldar for eldre.